

Referat Fagleg Brukarråd Hørsel

Tid: 11.11.2020 kl 1200 – 1445

Stad: Teams

Tilstades:

Brukarrepresentantar: Hans-Petter Østreng (HLF), Marit Skatvedt (HLF), Elisabeth Frantzen Holte, Frode Liland (NDF) og Monica Thorsen (HHBO)

Frå Statped: Kristin Fastvold, Marit Helèn Knudsen, Aina Therese Fossum og Alice Walgermo

Forfall: Lene Bergli

Møteleiar: Kristin Fastvold

Referent: Alice Walgermo

Saksnr	Sak
	Sakslista vart godkjend.
	Faste saker
	Oppfølging av Meld St. 6. (2019-2020) Tett på. Tidlig innsats og inkluderende fellesskap <u>Nyheitsbrevet</u> Det vart gjeve ei kort orientering om omstillingsarbeidet i Statped knytta til nyheitsbrevet som vart sendt ut tidlegare i haust. <u>Ansvar for utarbeiding av læringsressursar for teiknspråkbrukarar</u> Organisering av utvikling og produksjon av teiknspråklege læremiddel er under utgreiing hjå Udir. Statped har vore med i ei arbeidsgruppe. Planen er at Udir skal levere ei innstilling til KD før jul. Statped argumenter for at utvikling og produksjon av teiknspråklege læringsressursar bør liggje til Statped, då det er opparbeidd teknisk og fagleg spisskompetanse på fagfeltet (jfr vedlegg).
	Utviklingsarbeid Hørsel <u>Elevkurs</u> Grunna koronapandemien har oppstart av elevkurs i pilotkommunane Sarpsborg og Ålesund vorte utsett. Målet er å få gjennomført kusa ila våren 2021. Innspelet i møtet var at elevkurser framleis er vanskeleg tilgjengelege på Statped.no. Statped tek med seg innspelet i arbeidet med nettsidene. <u>Kurs til foreldre til born med nedsett hørsel 3-6 år</u> E-læringsmodulane rettar seg mot laget rundt barnet. Målet er å gjere overgangen frå barnehage til skule så trygg som mogleg. E-læringsmodulen skal vere ferdig på nyåret 2021. Eit innspelet under møtet var å trekkje på erfaringane frå andre e-læringsmodular, t.d dysleksi. Statped tek med seg seg innspelet. <u>Lytte- og talerspråkettleiing</u> Målet med utviklingsarbeidet er å auke kvaliteten på lytte- og talespråkettleiing. Det er sett ned ei landsdekkande arbeidsgruppe som har starta arbeidet med å sjå på

	kunnskapsgrunnlaget som dannar grunnlaget for vidare arbeid. Det er ynskjeleg med innspel frå brukarorganisasjonane på eit seinare tidspunkt.
	Nye saker
	Orienteringssaker
17/20	<p>Endring av butilbod</p> <p>Butilbodet fram til no har vore ei blanding av overnatting på lokasjon og hotell. Unnataket er Trondheim der elevane på ungdomssteget har budd på Heimdal medan foreldrene har vore på hotell.</p> <p>Frå 2021 vil dei fysiske samlingane framleis vere på lokasjon. Det nye er imidlertid at alle elevane blir innlosjert på hotell saman med foreldrene. Statped vil her leggje til rette for familievenlege hotell, der det vil vere moglegheiter for sosialt samspel om ettermiddagane.</p> <p>Å vere saman og byggje nettverk er ikkje berre ein viktig sosial komponent, men har også innverknad på språkutviklinga. Det blir no sett på korleis ein kan styrke og vidareutvikle det sosialpedagogiske arbeidet på ettermiddag/kveld. Brukarorganisasjonane med elevar og foreldre vil her få moglegheit til å komme med innspel.</p>
18/20	<p>Tilsetjingar ved lokasjon Stavanger</p> <p>To faste stillingar i fagavdeling teiknspråk, ved lokasjon Stavanger, vil bli utlyst internt i Statped.</p>
19/20	<p>Se mitt språk – Rogaland</p> <p><i>Se mitt språk</i> er framleis ei teneste som vil bli gjeve i Stavanger.</p>
20/20	<p>Digitale vs fysiske kurstilbod i Statped</p> <p>I fagavdeling teiknspråk har det vore to veker med fysisk deltidsopplæring i haust, elles har det meste føregått digitalt.</p> <p>Dei digitale kursa fungerer betre og betre. Folk er nøgde med at kursa ikkje er avlyste. Det er likevel nedgong i tal på påmeldte til deltidsopplæring og <i>Se mitt språk</i>. Fleire skular er på gult og raudt nivå. Det får ein uheldig innverknad på dei minste som er avhengige av at nokon er med i undervisninga og hjelper til med det digitale.</p> <p>Elevar på ungdomssteget melder tilbake at dei saknar det sosiale fellesskapet. Det gjeld også foreldre som kjenner på saknet av å ha kontakt med andre og som kan ha utfordringar med tekniske dugleikar.</p> <p>Nytt sidan førre møte er at sysken er kome inn på Canvas. Teiknspråkkafeen er oppretta og det har vore godt oppmøte.</p> <p>Planen er å opprette Tegnchat i veke 48. Tegnchatten vil vere tent av dei ulike regionane 1 time 3 gongar pr. veke. Det vil her bli laga ein god plan for marknadsføring for å sikre at informasjonen når ut.</p> <p>Innspel i møtet var å samkøyre deltidsvekene i regionane. De vil føre til fleire deltakarar samt utvida sosialt miljø.</p>

	<p>Statped vil i tida framover freiste å leggje til rette for meir samhandling nasjonalt I avd Hørsel er også dei meste av kursa gjennomført digitalt. Avdelinga har gjort seg gode erfaringar i høve til bruk av digitale plattformer, webinar o.l.</p>
21/20	<p>Moglegheiter for teksting på Webex</p> <p>Det finst ein funksjonalitet for automatisk teksting i Webex, men den er på engelsk. Det er også status for dei tilsvarande løysingane på Zoom og Teams. Tekstinga vil bli vurdert når ho blir tilgjengleg på norsk.</p> <p>Innspel i møtet er at det ikkje er tilfredstillande for brukarane. Moglege alternativ kan vere bruk av Whereby eller skrivetolk.</p> <p>Statped tek innspela med til SIKT (it-avdelinga i Statped) og kjem tilbake med meir info.</p>
22/20	<p>Grensesnitt Statped Helse</p> <p>Innspela som kom frå brukarrorganisasjonane i mai d.å i høve til rapporten om grenseoppgongen mellom Statped og Helse, er lese og vurdert.</p>
Drøftingssaker	
23/20	<p>Kvalitetar og vekstpunkt på hørselssidene på Statped.no</p> <p>Statped er i gong med eit større arbeid i høve til innhaldsproduksjon og revidering av nettsidene. Dagens bilete er difor berre eit augeblikksbilete. Det endelege mandatet vil naturlegvis også vere med på å påverke strukturen.</p> <p>Brukarorganisasjonane hadde fylgjande innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - ynskje om abonnement på kurskalendar, nyheiter, læringsressursar o.l - ynskjeleg at både elev- og foreldrekurs ligg på framsida, slik som deltidsopplæring - fagområdet Hørsel er vanskeleg å finne - fokus på foreldre som målgruppe - sjå på moglegheiter for snarveggar til teiknspråk og hørseltap - bør ha lenkjer til Udir og NAV om hørsel - ha med oss 1.gongsbrukarane (foreldre som nett har fått eit born med nedsatt hørsel). Kven skal dei snakke med? <p>Svein-Erik Moløkken frå Kommunikasjonsavdelinga i Statped klårgjorde at dei fleste brukarane googlar seg inn på nettsidene til Statped. Det er difor ynskjeleg med meir info om kva foreldre o.a googlar, slik at ein kan ta det med i vidare arbeid.</p> <p>Etterarbeid: Høyr med medlemmane i brukarrorganisasjonane om kva ord dei pleier å google. <i>Frist for innspel til Alice: 4.desember 2020.</i></p>
24/20	<p>Evaluering av brukarrådsmøta 2020</p>

	<p>Brukarrådsmøta 2020 er vorte evaluerte. Fylgjande kommentarar kom fram:</p> <p>Kvalitetar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - veldig bra å vere brukarrådsrepresentant i fagleg brukarråd hørsel - god systematikk - speler inn saker og får svar - digitale møte funkar godt <p>Vekstpunkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - er ofte høgt tempo og mykje informasjon. Ynskjeleg å få eventuelle presentasjonar o.l i forkant - ynskjer førebuingssoppgåvene i god tid - endå tydlegare info ifht tidsramma på utvikling av tenester o.l
25/20	<p>Framlegg til førebels møteplan våren 2021</p> <ul style="list-style-type: none"> • 3.februar (Brukarkonferansen) • 18.mars • 19.mai <p>Dersom det skulle bli behov for eit ytterlegare møte, så vil me komme tilbake til det.</p>
EVT	<p>Bruk av lydutmattingsanlegg i klasserom</p> <p>Fleire skular unnlet å ta i bruk lydutmattingsanlegg i klasserommet grunna smitte etc. Nav har imidlertid laga ei nettside som omhandlar bruk av mikrofon i klasserom samstundes som ein ivaretek retningslinjene for smittevern. Det er ynskjeleg at denne informasjonen blir spreidd.</p> <p>Statped omtalar saka i komande StapedMagasin.</p>
	<p>Innspel på saker til Nasjonalt Brukarråd 18.11.2020</p> <p>Minnar om at ein kan gje innspel på saker til Nasjonalt Brukarråd gjennom eigne representantar i organisasjonen.</p>
	<p>Brucarrepresentantar Fagleg Brukarråd Hørsel 2021-2022</p> <p>HLF: Øyvind Aarud og Daniel Berget Nilsen. Vara: Marit Skatvedt</p> <p>NDF: Elisabeth Frantzen Holte og Jorun Liland.</p> <p>HHBO: Monica Thorsen og Bente Lundberg.</p> <p><i>Me takkar Hans-Petter Østreng, Lene Bergli og Frode Liland for godt samarbeid og ynskjer dei lukke til vidare.</i></p>